

## SULDAL KONTROLLUTVAL

### PROTOKOLL

**Onsdag 10. september 2014** blei det halde møte i Suldal kontrollutval under leiing av nestleiar Berit Myrland.

<b>MØTESTAD:</b>	Suldal kommunehus, kommunestyresalen
<b>MØTESTART-MØTESLUTT:</b>	kl. 09.30 – 11.10
<b>MØTANDE MEDLEMMER:</b>	Berit Myrland (SV), Solveig Sukka (Sp) Tormod Skeie (SV), og Vanja Ignjatic (H)
<b>FORFALL:</b>	Sverre Underbakke (H)
<b>MØTANDE VARAMEDLEM</b>	Ole-Johan Østebø (1.vara)
<b>FRÅ SEKRETARIATET MØTTE:</b>	Rådgjevar Odd Gunnar Høie, Haugaland Kontrollutvalgssekretariat IKS
<b>FRÅ REVISJONEN MØTTE:</b>	Revisor Tore Kristensen, Rogaland Revisjon IKS
<b>ANDRE SOM MØTTE:</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL INNKALLING:</b>	Ingen
<b>MERKNADER TIL SAKLISTE:</b>	Ingen

### FØLGJANDE SAKER BLEI HANDSAMA:

#### **SAK 14/14 GODKJENNING AV PROTOKOLL 19.06.14**

**Sekretariatet si innstilling:**

Protokoll frå møte i kontrollutvalet 19.06.14 blir godkjent slik han ligg føre.

**Handsaming i kontrollutvalet 10.09.14**

Utvalet hadde ingen merknader til protokollen.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.09.14:**

*Protokoll frå møte i kontrollutvalet 19.06.14 blir godkjent slik han ligg føre*

## **SAK 15/14 REFERAT- OG ORIENTERINGSSAKER 10.09.14**

- 29. Statusoversikt pr. september 2014
- 30. Tertialrapport 31.07.14 - frå Rogaland Revisjon IKS
- 31. Protokoll frå representantskapsmøte – Krisesenter Vest IKS
- 32. KS – lokale og regionale prosesser vedk. kommunereforma

### **Handsaming i kontrollutvalet 10.09.14:**

Sekretær gjorde greie for referatsakene. Revisor gjorde kort greie for tertialrapporten frå Rogaland Revisjon IKS. Utvalet hadde ingen merknader.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.09.14:**

*Kontrollutvalet tek referatsakene 29 - 32 til orientering.*

## **SAK 16/14 REGLEMENTET FOR KONTROLLUTVALET – ENDRING VEDK. KAP. 8 OM HØYRING**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Suldal kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Suldal kontrollutval som følgje av lovending om kontrollutval og lukking av møta.

Innleiinga av kap. 6 og kapittel 8 om høyring vert endra i samsvar med vedlagt reglement.

### **Handsaming i kontrollutvalet 10.09.14**

Utvalet hadde ei meiningsutveksling om framlegget til endringar i reglementet. Spesielt framlegget til endring i røystereglane for høyring, kap. 8,2 vart drøfta nærare. Utvalet vart samd om at framlegget var bra og hadde ingen merknader.

### **Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.09.14 og innstilling til kommunestyret:**

*Suldal kommunestyre vedtek å oppdatere reglementet for Suldal kontrollutval som følgje av lovending om kontrollutval og lukking av møta.*

*Innleiinga av kap. 6 og kapittel 8 om høyring vert endra i samsvar med vedlagt reglement.*

## **SAK 17/14 REVISOR SI EIGENERKLÆRING - ROGALAND REVISJON IKS**

### **Sekretariatet si innstilling:**

Kontrollutvalet tar den framlagde eigenerklæring for 2014 frå oppdragsansvarleg revisor Cicel T. Aarrestad, Rogaland Revisjon IKS, til orientering.

### **Handsaming i kontrollutvalet 10.09.14**

Revisor gjorde kort greie for eigenerklæringa. Utvalet hadde ingen merknader.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.09.14:**

*Kontrollutvalet tar den framlagde egenerklæring for 2014 frå oppdragsansvarleg revisor Cicel T. Aarrestad, Rogaland Revisjon IKS, til orientering.*

**SAK 18/14 PLAN FOR REKNESKAPSREVISJON**

**Sekretariatet si innstilling:**

Suldal kontrollutval tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2014 til orientering.

**Handsaming i kontrollutvalet 10.09.14**

Revisor orienterte om planen samstundes som den vart vist på skjerm. Han gjorde greie for revisjonen sitt arbeid så langt i år. Vidare orienterte han om særskilte forhold innan kommunal sektor, risikofaktorar, nøkkeltal for Suldal, «vesentlighetsgrensen» for 2014, kva som vil bli vektlagt for revisjon i år, samt ulike risikovurderingar.

Utvalet meinte det var ein interessant gjennomgang og hadde nokre spørsmål undervegs. Revisjonen har så langt i år tilleggsfakturert kommunen for ca. 50 timar. Dette er om lag ei halvering frå i fjor. Revisjonen meiner kommunen ikkje har levert dokumentasjon på ein slik måte som avtalen krev, men at det går rette vegen.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.09.14:**

*Suldal kontrollutval tar presentasjonen av overordna revisjonsstrategi for 2014 til orientering.*

**SAK 19/14 REVISJONSAVTALEN – BRUK AV OPSJON TIL 30.06.16**

**Sekretariatet si innstilling:**

Suldal kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlenge avtalen med revisjonsselskapet Rogaland Revisjon IKS om levering av revisjonsteneste til Suldal kommune i perioden 01.07.15 – 30.06.16.

**Handsaming i kontrollutvalet 10.09.14**

Sekretær gjort kort greie for saka. Utvalet var samd om at ein ynskjer å nytta moglegheita for å forlengja avtalen med eit år. T. Skeie fremma følgjande tilleggsframlegg: *Ein vil og tilrå, dersom det er i tråd med regelverket, at det i god tid før 30.06.16 vert vurdert å utvida opsjonen med ytterligare eit år, til 30.06.17.* Utvalet slutta seg til innstillinga og Skeie sitt framlegg.

**Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.09.14 og innstilling til kommunestyret:**

*Suldal kommunestyre vedtar å nytte seg av retten til å forlenge avtalen med revisjonsselskapet Rogaland Revisjon IKS om levering av revisjonsteneste til Suldal kommune i perioden 01.07.15 – 30.06.16.*

*Ein vil og tilrå, dersom det er i tråd med regelverket, at det i god tid før 30.06.16 vert vurdert å utvida opsjonen med ytterligare eit år, til 30.06.17*

## SAK 20/14 KONTROLL OG TILSYN – BUDSJETT FOR 2015 – UTVALET SITT FRAMLEGG

### Sekretariatet si innstilling:

Kontrollutvalet fremjar forslag til budsjett for kontroll- og tilsyn i Suldal kommune for 2015 med ei totalramme på kr 998. 500, som fordel seg slik:

Kontrollutvalet si eiga verksemd	Kr	220.500
Kjøp av sekretærtenester	Kr	153.000
Kjøp av revisjonstenester	Kr	625.000

### Handsaming i kontrollutvalet 10.09.14

Utvalet hadde ingen merknader til framlegget for budsjett for 2015.

### Samrøystes vedtak i kontrollutvalet 10.09.14:

*Kontrollutvalet fremjar forslag til budsjett for kontroll- og tilsyn i Suldal kommune for 2015 med ei totalramme på kr 998. 500, som fordel seg slik:*

<i>Kontrollutvalet si eiga verksemd</i>	<i>Kr</i>	<i>220.500</i>
<i>Kjøp av sekretærtenester</i>	<i>Kr</i>	<i>153.000</i>
<i>Kjøp av revisjonstenester</i>	<i>Kr</i>	<i>625.000</i>

### YMSE

Ingen saker blei meldt.

**Neste møte: 27.11.14, kl. 09.30**

Sand/Aksdal, 10.09.14

Berit Myrland  
Nestleiar



Odd Gunnar Høie  
Kontrollutvalssekretær